

# Flora Turlag

## Årsmelding 2021



Bilde: På Ålfotbreen og toppen av høgste brekulen. Tatt av Dag Eliassen

**Flora Turlag (FT)** er tilslutta Sogn og Fjordane Turlag (SFT) som er ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turistforeining (DNT). Flora Turlag sitt medlemsområde er gamle Flora kommune, og utøvar sitt arbeid i Flora kommune. Formålet er å være den leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv, samt jobbe for ivaretaking av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Flora Turlag har i 2021 kunne tilby medlemmer og ikkje-medlemmer tilgang til tre ubetjente hytter. Hyttene er utstyrt med dyner, puter og kokeutstyr, men er utan proviant.

Flora Turlag arrangerer fellesturar og kurs, og legg til rette for merking av utvalde turområde. Vi gir uttale i naturvernsaker og til kommunale planar.

## I. Styret 2021

Leiar:	Bengt Solheim-Olsen (1 år - nyval)
Styremedlem/Nestleiar:	Anders Myklebust (2 år – nyval)
Styremedlem:	Siv Grov (2 år – nyval)
Styremedlem/sekretær:	Karen Sæten Nilsen (2 år – ikkje nyval)
Styremedlem /Kasserar:	Sunniva Geithus (2 år – ikkje nyval)
Varamedlem:	Toralf Otnes (1 år - nyval)
Varamedlem:	Kari-Anne Melvær Strømmen (1 år - nyval)
Revisor:	Alvdis Solvang (1 år – nyval)
Valnemnd:	Dag Eliassen (2 år – ikkje nyval) Egil Russøy (2 år – ikkje nyval) Heidi Humlestøl Aasen (2 år – nyval)

## II. Møter og styrearbeid

Styret har hatt fire fysiske møter i 2021 i tillegg til hyppig kontakt på e-post og Messenger.

2021 blei et magisk tur år, mykje på grunn av store mengder med flott turvær. Vi har hatt stor aktivitet på hyttene våre med stabilt høge tall på Kinn og ein dobling av overnatting og besøkande på Blåbrebu og Gjegnabu.

Til neste år har vi endå meir å by på, då vi har inngått avtale med SFE og Svelgen Kraft om å disponere Børabu. Føremålet med avtalen er å ta vare på, og vedlikehalde Børabu, samt fremje ålmenta si moglegheit for å bruke hytta i samband med ferdsel og friluftsliv i området. Så vi gleder oss over at folk nok ein gong kan overnatte på ei DNT-hytte i dette fantastisk flotte området.



Bilde: Vår styreleiar Bengt ut på tur!


Også dette tur året har vært prega av pandemi og restriksjonar men i langt mindre grad enn i fjar. Vi har hatt mange flotte fellesturar gjennom året med god påmelding og endeleg fekk vi gått majesteten av alle turar, Øyne Over. Ein fantastisk tur i eit nydeleg haustvær i september.

I år lanserte vi Trimpoeng i og rundt Florø, og det blei en fantastisk oppslutning. Det var med å bidra til meir trim, betre folkehelse, nye turmål, høg trivsel og flotte naturopplevelser. Trimpoeng gjorde lokalsamfunnet om til en aktiv sosial arena. I tillegg er det rekordoppslutning om Turtrimmen så vi er godt fornøgde med Flora Turlag sitt bidrag til å motivere folk til å benytte seg av naturen i nærmiljøet.

### III. Medlemstal

Flora Turlag har eit æresmedlem: Astrid Breiland Eliassen. I år har vi **986** medlemmar, og kan med det sjå ei aukande trend, og ei auking på 114 medlemmar i år.

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
456	502	525	540	604	672	765	933	907	872	986



Over viser tabellane den totale medlemsutviklinga i Flora Turlag 2011 – 2021.

### IV. Turar, profilering og aktivitet

Tabellen under viser oversikt over deltaking på årets turar.

Når det gjeld profilering har turane/arrangementa som vanleg vore med i Sogn og Fjordane sitt turprogram som vert sendt til heile fylket i februar, inkl. Barnas Turlag arrangement.

Turane har vore gjort kjent på nettsida til Flora Turlag samt via Facebook og Instagram. Det har vore jobba svært systematisk med å legge ut kort rapport og eit par bilde i etterkant av gjennomført tur. Dette er eit svært viktig arbeid for synleggjering og inkludering.

Flora Turlag var og omtalt i turavisa til Sogn og Fjordane Turlag som også går til alle husstandar i Sogn og Fjordane. Vi har også hatt mange fine medieoppslag i Firdaposten.

	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
1. Totalt tal avvikla turar/arrangement inkl. BT-turar og tysdags- og onsdagsturar	92	72	119		104	107	109
2. Av disse gjennomført	9	11	29		13	13	11
Helgeturar/andre arrangement/OPPTUR	(20 avlyst inkl. korona avlysninger)	(22 avlyst inkl. korona avlysninger)	(15 avlyst)		(9 avlyst)	(12 avlyst)	(8 avlyst)
BT arrangement	5 4 avlyst	10 8 avlyst	3		6 (4 avlyst)	9 (1 avlyst)	14
Måndagsturar	20 1	38 13 avlyst	20 (2 avlyst)	10	19	11	
Tysdags- og onsdagsturar	26 8 avlyst	25 13	21 (1 avlyst)	29 (4 avlyst)	22 (1 avlyst)	33 (9 avlyst)	40 (2 avlyst)
Torsdagsturar (Senior)	39 3 avlyst	40 13 avlyst	38	39 (1 avlyst)	38 (1 avlyst)	39	40
FHF turar/kurs/arr/kajakk*	11 1 avlyst	8 1 avlyst	8	11 ( 5 avlyst)	6 (4 avlyst)	2	4
Deltakarar:							
Vaksne helgaturar/BT	136/ 139	130	190/9		452	201	172
Måndagsturar	119	137	135	100	205	255	
BT – Barnas Turlag	25/ 38				194	1010	1175
OPPTUR	139/ 13		23/152	160	160	160	170
Tysdags- og onsdagsturar	215	169/ 4	235/4	252	222	370	368 (derav 13 barn) (derav 7 barn)
Torsdagsturar (Senior)	537	447	538	475	405	357	344
FHF / Kajakk*	159	81	143	100	101	9	21
<b>Totalt</b>	<b>1330/190</b>	<b>964/4</b>	<b>1264/165</b>		<b>1739</b>	<b>2362</b>	<b>2250</b>

## V. Barnas Turlag

Barnas Turlag arrangerte Naturens dag, med fokus på å verne om naturen. 23 barn blei med på tur, med leik og moro i et av våre fantastiske skogsområde med nærheit til sentrum, Botnaholten

## **VI. Opptur**

Vi arrangerte vårt 15. opptur arrangement, det største i Flora Turlag. Vi hadde glede av å ønske velkommen årets 9. klassingar frå Eikefjord og Flora Ungdomsskule saman med lærarane. Dei skulle gått turen i mai som 8. klassingar men Covid-19 satte ein effektiv stoppar for det. Heile 139 elevar med 13 lærarar deltok på arrangement. Det var noko vått, og lite utsikt men rike på naturopplevingar blei vi. Takk til Astrid Breiland Eliassen og Arnfrid Bergheim som hadde ansvaret for dagen.



Bilde tatt av Arnfrid Bergheim

## **VII. Kom deg ut dagen**

Denne dagen ønsker vi å nå bredd ut til befolkninga og særleg til barnefamiliar i hele landet, både turvante og ferskingar. Vi vil gi deltakarane ein smakebit av friluftslivet - ein smakebit som gir meirsmak! Astrid Eliassen er ansvarleg for arrangementet som vanlegvis går ein gong på våren og ein på høsten. I år blei Kom deg ut dagen i Instedalen avlyst på grunn av Covid-19. Kom deg ut dagen på hausten med Natursti i Storåsen og ned til Soldalen gjekk med 12 voksne og 15 barn.

## **VIII. Måndagsturar**

Astrid Breiland Eliassen har hatt ansvaret for måndagsturane. Det har vore nokre fine turar i Storåsen og ut til Sørstrand/Brendøya. Det er utruleg kor mange stiar som finst i Storåsen og Litleåsen. Turgruppa har vore fin blanding av norske og utanlandske deltakarar. Turane gjekk fram til sommaren og dei starta ikkje opp i haust grunna mangel på turleiarar.

## **IX. Tysdag – og onsdagsturar**

Astrid Breiland Eliassen har hatt ansvaret for disse turane. Turane startar første onsdag etter påske og går ei veke tysdag og neste veke onsdag ut september. Frå mai av blei det delt på øyaturar og landturar. Aktivitetsområdet er gamle Flora Kommune og vi prøver å få med nye turmål frå turboka kvart år. Tematurar med kjentmann/ dame er populære turar. Signe Nordvik har ansvaret for øyturane. Øyturane er fottur eller sykkeltur til øyane utafor Florø, det er også tur til Årebrotet.

## **X. Onsdagspadling**

Kari-Anne Melvær Strømmen og Tine Holvik er ansvarleg for gruppa. Det var arrangert 9 turar ut frå nærområdet, lenger inn i fjorden og som øyatur. Padlegruppa er ein fin gjeng, og kjekt er det at det kjem fleire tilreisande på ettermiddagspadletur. 150 stk. har deltatt på padleturane i år, og turane variera i vanskelegheitsgrad. Nytt av året var helgetur til Hovden, tok båten ut og padla tilbake til Florø. Fottur blei det Hovden – tur over Vernannsrøysa, Store Skorekinna og Kvannhovden Fyr. For første gang har gruppa også padla tur på ferskvatn, Haukåvatnet på langs.



Bilde: Mange deltakarar på populær onsdagspdaling. Tatt av Tine Holvik

## XI. Torsdagsturar

Trygve Nybø er ansvarsperson for denne turgruppa og med seg gjennom disse 8 åra har han hatt Arnfrid Bergheim, Hilde Bjerck Reksten og Astrid Breiland Eliassen. Oppmøte er startpunkt for turen. Deltakinga er god og ein sprek gjeng. Nye og gamle turdeltakarar som skaper eit godt sosialt preg på turane. Varierte turmål, turar utafor stiar og kjentmenn/damer set ekstra spiss på turane.

## XII. Helgeturar

Astrid Breiland Eliassen har hatt ansvaret for denne turgruppa. Ski - og truetur blei avlyst på grunn av Covid-19 restriksjonar. Det blei også nokre avlysingar etter det. Turar blei set opp seinare på året; nokre fekk vi heldigvis gjennomført og andre blei avlyst av været.

Øyane Over, året store arrangement blei korona avlyst i mai, men blei sett opp i september og gjekk med i overkant av 50 turdeltakarar. Mange tilreisande og i samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag som var 50 år. Både Alden, Værlandet/ Bulandet og Hovden Dag blei korona avlyst i år.

Nipenatt gjekk og det blei ein flott tur med ein ny trace. 16 var med på turen og fleirtalet var ungdommar. Turen på Ålfotbreen hadde 11 deltakarar og blei ein flott tur. På hausten var det mykje regn og vind, ingen turdeltakarar melde seg og fleire turar blei avlyst.

### XIII. Sikkerheit

Som alltid har sikkerheit vore i fokus hjå oss, og vi har ikkje hatt nokon personskadar i 2021. Alle turar blir risikovurdert på førehand av turleiar. Vi har revidert beredskapsplanen vår, og følgt nasjonale DNT sine smittevernstiltak, samt nasjonale og lokale. Vi har jobba for å alltid være oppdatert på dei siste føringane vedr. Covid-19, og vi har tatt smittevernet på alvor. Alle våre turleiarar har tatt nettbasert smittevernskurs. Vi har også innført obligatorisk påmelding i forkant av turane, og når dei nasjonale føringane har kravd det har vi satt eit tak på 20 personar pr. tur. Det har også blitt gitt føringar for transport. På øyaturane har vi tatt hensyn til offentleg transport.



Bilde: Nipenatt blei ei fantastisk naturoppleving. Tatt av Arnfrid Bergheim

### XIV. Merkenemnd

Stien til Gjegnabu: Vanleg vedlikehald.

Stien til Blåbrebu: Godt utbetra, lagt om litt og nymerka. Jobbe med Grøndalen som naturleg innfallsport, få opp ei ordning med renovasjon og tilsyn samt vurdere å utvide parkeringsplassen. Sti til Klauekeipen frå parkeringsplassen i Grytadalen er merka og varda. Skilta i Norddalsfjorden til Tjofjellet og Hestedalssøylen.

### XV. Turbøker

Det har vore nok eit dårlig år for turbøkene våre. Mange tok vi ned som smittevernstiltak. Vi har difor ikkje telt bøker i år, men vi oppfordrar alle til å sjekke seg inn digitalt.

### XVI. SjekkUT og ut.no

SjekkUT er DNT si digitale turpostkasse, og den er no lagt inn i ut.no. Flora Turlag har 138 turmål. Ut.no er DNT sin digitale tursti, og her har Flora Turlag 156 tutips og 3 hytter. Det er eit levande prosjekt som vi oppdaterer heile tida. Ansvarlige for SjekkUT og ut.no er Arnfrid Bergheim og Astrid Breiland Eliassen, og dei gjer ein strålande jobb med å halde oss oppdaterte og gje eit godt tilbod til folket.

I år tok vi norgesrekord i SjekkUT! Brandsøyåsen blei det turmålet med aller flest innsjekk i landet.

### XVII. Turtrim 2021

Turtrimmen 2021 skal motivere til turgåing og gode naturopplevingar. Turpostane er spredt rundt i heile gamle «Flora kommune» og tilliggjande kyst- og fjellområde. Det er 15 turpostar med ulik vanskegrad, 5 av turpostane er lettare turar og passar som familieturar. Det er usikkerheit om alle har fått levert inn då SjekkUT registreringane datt ut ein periode. Dei som har tatt alle 15 får gratis overnatting på valfri hytte og tilfeldige vinnarar i dei andre gruppene får DNT sokkar. Borna får DNT gåve. Turtrimmen har ført til at nye turgåarar finn nye turmål, og Astrid Breiland Eliassen har hatt ansvaret. I år hadde Turtrimmen rekord for turgåarar som tok samtlege turmål, det var kjekt!

## XVIII. Trimpoeng 2021

I år lanserte vi også Trimpoeng med turpostar sprett rundt i gamle Flora Kommune. Turmåla hadde ulik vanskelighetsgrad og ga ulik poengsum. Trimpoeng varte frå 01. mai og ut august. Vi fekk overveldande oppslutning og engasjement, og nesten 2000 personar var med i konkurransen. Vi fekk også mykje spons frå lokale aktørar, og fekk dermed premiere deltakarar gjennom heile perioden. Sunniva Geithus og Karen Nilsen hadde ansvaret. Totalt hadde vi 122 766 innsjekk fordelt på 64 ulike turmål.



Bilde: Mange tok turen til både Store – og Littleåsen i Trimpoeng perioden. Tatt av Beate Grønnevik

## XIX. Turtips

I fjor starta vi med fredagstipset på sosiale medium, og vi fortsette i år. Vi ga turtips frå januar og til påske. Tipsa blei lagt til ulike turområde, eit nytt område kvar helg. Flora Turlag si oppgåve var å spre turane på område som var nye turmål. Vellykka prosjekt!

## XX. Hytter

Hyttene våre på Blåbrebu, Gjegnabu og Kinn har også i år vore gjenstand for mykje dugnad. Vi har i tillegg inngått avtale med SFE og Svelgen Kraft om å disponere Børabu. Det blir kjekt å kunne tilby enda ei flott hytte. Når vi tel opp besökande på hyttene våre, er det litt stas at to av hyttene har økt betrakteleg i både dagsbesøk og overnattingar.

### Blåbrebu

Tilsyn: Stig Solheim.

I år er pipa reparert, i tillegg til vanleg tilsyn og booking. Det er jobba mykje godt arbeid med stien opp til hytta. Neste år er det planlagt meir vedlikehald, då ein må opp med helikopter transport.

**Besøk:** Blåbrebu med sikringsbua har hatt 163 registrerte besøk i år. Mot 65 telte i fjor kan vi sjå på ein formidabel vekst for den flotte hytta vår.

### Gjegnabu

Tilsyn:

Dag Eliassen.  
Godt arbeid er lagt ned på hytta i form av vanleg tilsyn og booking. Ønskeleg å få på plass ei sikringsbu. Snø og dårlig vær kom brått på i oktober og det har derfor enda ikkje vært avsluttande tilsyn på hytta for vinteren.



Bilde: Stig Solheim hjelper til med å ruste opp Børabu. Tatt av Egil Aardal/ Firdaposten

**Besøk:** Hytta har hatt 138 overnattingar og 22 registrerte dagsbesøk. Hovudseson er juli og august, men sidan 31/10-2020 har hytta hatt besøk i alle månadar unntatt november, januar og februar. Så mange overnattinga i år betyr heile 84 fleire enn i fjor!

### Kinn

Tilsyn: Signe Nordvik.

I mars vart brønnen reingjort og gjerdet rundt er fiksa. Det er teke fleire prøver av vatnet og det manglar no eit renseanlegg. Varmtvatns tanken er tömt/reingjort. Rensetank for avløpet er tatt i drift.

Reklamasjonssak på varmepumpe, ny kom på plass i mars.

Vi fekk kr 20.000 i midlar frå Friluftsrådet til rydding av marint avfall. Vi brukte av pengane til kjøp av ny tralle. Vi har hatt ein ryddedag i mai saman med konfirmantar og hyttefolk. Ein skuleklasse har også rydda og fekk redusert leige for det. Skifterheller som mangla på tilbygget er lagt på. Lista ferdig rundt vindu og døra i boda og fjerna gamal kjøkkenbenk. I juni fekk vi nytt stort kjøleskåp med Elkjøp. Vindua i stova er pussa ned slik at dei kan opnast. Ny septiktank er på plass/kobla til, drenert og lagt på grus på baksida av hytta. Vegen opp til inngangen er grusa.



Bilde: Mykje dugnad på hytta på Kinn i 2021. Tatt av Ian Cassels

**Besøk:** Kinn hytta har i år 435 overnattingar og 76 dagsbesøk. I år har hytta vore stengt i to månadar, og det kan være noko til at ikkje besøksstatistikken har økt. Hytta har også vore stengt i periodar for dagsbesøk.

## Børabu

Tilsyn: Arild Nordal.

Mykje godt arbeid er lagd ned for å få hytta i god stand. Det er reve ned og bygd nytt tilbygg. Alle vindu er skifta. Hytta er også jekka litt opp og forsterka under. Det er i tillegg montert solcellepanel og hytta er nedvaska. Det som gjenstår no er maling innvendig og få flydd opp madrassar og diverse utstyr. Vi gleda oss til å opne hytta for alle!

		2021	2020	2019	2018	2017	2021	2020	2019	2018	2017	Totalt	
Gjegnabu	Overnatting	138	54	104	110	42	Dagsbesøk	22	31	14	110	42	667
Blåbrebu	Overnatting	163	65	69	106	63	Dagsbesøk			21	106	63	656
Kinn	Overnatting	435	482	192	175	168	Dagsbesøk	76	72	133	175	168	2076
<b>Totalt</b>	<b>Overnatting</b>	<b>736</b>	<b>601</b>	<b>365</b>	<b>391</b>	<b>273</b>		<b>98</b>	<b>103</b>	<b>168</b>	<b>391</b>	<b>273</b>	

## I. Dugnadstimar

Det blir kvart år lagt ned betydeleg med dugnadstimar i turlaget. Vi har her forsøkt å få ned eit estimert timar for dei ulike områda. Vi tar etterhald om at talla kan variere.

Turleiing/arrangement/kurs:	1200 timer
Hyttene:	501 timer
Møter og administrasjon:	500 timer
Facebook, heimesida/nettsida, UT.no og SjekkUT:	800 timer
Tysdags og onsdagsturar inkludert padleturar:	700 timer
Torsdagsturar:	600 timer
Varding og merking:	136 timer
Måndagsturar:	120 timer

Mange har deltatt på dagnaden i år. Ingen nemnt og ingen gløymd, men en stor takk til alle som har vært frivillig! De er sjølve motoren i laget år eller år.

## XXI. Naturvernarsarbeid

Grytdalen: Arnfrid Bergheim og Astrid Breiland Eliassen har jobba med å ta vare på fotturistane sine rettigheter. Dei har også jobba med å halde stien frå Grytdalen til Årebrot intakt. Det er bedt om nye informasjonstavler som er korrigert opp, disse kjem neste år.

## XXII. Ålfotbreen Landskapsvernombord

Vi har ein representant som har deltatt på møte med brukergruppa. Vi har eit godt samarbeid, og vil jobbe vidare for å utvikle området.

## XXIII. Sogn og Fjordane Turlag

Dag Eliassen og Astrid Breiland Eliassen deltok på Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte på Skei den 06. mars. På fellesmøte til Sogn og Fjordane Turlag på Tungestøylen 02. oktober deltok Sunniva Geithus og Karen Nilsen.

#### XXIV. Turleiarar

**Vinterturleiarar:** Stig Solheim

En vinterturleder i DNT kan lede turer på høyfjellet i vinterhalvåret, også i krevande terreng.

**Sommarturleiarar:** Dag Eliassen, Terje Grøneng, Signe Nordvik, Lisbeth Ingvaldsen, Kolbjørn Nybø, Kolbjørn Hovland og Kjetil Tveranger.

Ein sommarturledar kan ta med seg eit turfølge på fjellet i sommerhalvåret, også i krevjande terreng. Turane arrangerast gjerne med overnatting på DNT-hytter.

**Grunnleggjande:** Sissel Strømmen, Alvdis Solvang, Trygve Nybø, Ane Eliassen, Marit Linda Espeseth, Martin Hauge, Jofrid Sundal, Terje Heggheim, Siri Stavang, Idun Jansen, Anders Myklebust, Eilif Bjerck, Astrid Breiland Eliassen, Toralf Otnes, Bengt Solheim Olsen, Jan Midtbø, Terese Eikefjord, Karen Nilsen og Arnfrid Bergheim

Som grunnleggande turleiar er du kvalifisert til å leie turar i låglandet på sti og veg, hovudsakleg på sommarstid.

**Nærturleiar:** Hilde Bjerck Reksten, Kristian N. Berentzen, Laila Anita Schønhardt og Gyda Folkedal. Nærturleiar er ein turleiar som kvalifiserer til å lede kortare dagsturar, opptil fem timer, i områder kvar ein er lokalkjent.

**DNT ambassadørar:** Ein ambassadør er et aktivt DNT-medlem som har god kjennskap til DNT og den aktuelle medlemsforening.

**Grunnleggjande turleiarkurs:**

Sogn og Fjordane hadde grunnleggande turleiarkurs i Florø i vår. Kursdeltakarar: Bengt Solheim Olsen, Karen Nilsen, Toralf Otnes, Jan Midtbø, Terese Eikefjord og Astrid Breiland Eliassen. Kurshaldar Vigdis Flaten Kvamme og Roy Raasholm Fauske

**Turleiarsamling:**

04. november arrangerte vi ei samling der 13 stk. deltok.

**Ambassadørkurs:**

Desse er no nettbasert. [Her](#) finn du dei.

#### XXV. Samarbeidspartnarar

Vi takkar alle våre gode samarbeidspartnarar og sponsorar! Ein ekstra takk til Fjordkysten som driv godt informasjonsarbeid for oss.

Vi vil rette ei **stor takk** til alle frivillige som gjer ein glimrande dognadsinnsats for turlaget!



**Bengt Solheim-Olsen**

Styreleiar

**Anders Myklebust**

Nestleiar

**Sunniva Geithus**

Kasserar

**Karen Nilsen**

Sekretær

**Siv Grov**

Styremedlem

**Kari-Anne Strømmen**

Varamedlem

**Toralf Otnes**

Varamedlem